

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I SJUKEHUSAPOTEKA VEST HF

STAD: Møllendalsbakken 9/video 998290

MØTETIDSPUNKT: 29.03.2017 KL. 09:00 – 12:00

Styremøte var ope for publikum og presse

DELTAKARAR FRÅ STYRET

Trude Marit Risnes	Styreleiar
Olav Godtfred Klausen	Nestleiar
Jon Bolstad	Medlem
Anne Sissel Faugstad	Medlem
Inger Cathrine Bryne	Medlem
Per Karlsen	Medlem
Marianne Saugestad	Medlem
Ragnhild Winum	Vara medlem
Gunvald Iversen	Medlem

FORFALL FRÅ STYRET

Marit Jakobsen	Medlem
----------------	--------

DELTAKARAR FRÅ ADMINISTRASJONEN

Ola Rye	Kst. Adm. Dir
Tor Erik Tveit	Kst. Økonomisjef (sak 012, 013, 014 og 015)
Berit Berntsen	HR og org. sjef (referent)

SAKLISTE

Sak 012/17	Godkjenning av innkalling og dagsorden
Sak 013/17	Godkjenning av protokoll frå styremøte i Sjukehusapoteka Vest HF 01.03.2017
Sak 014/17	Administrerande direktør si orientering
Sak 015/17	Årsmelding og Årsrekneskap 2016
Sak 016/17	Høyringsuttale Helse 2035

UNDERLAG

Vedlagt
Vedlagt
Vedlagt
Vedlagt
Ettersendt

Saker til orientering:

Sak 017/17	Eventuelt Skriv og meldingar
------------	---------------------------------

Lukka del

Sak 018/17 og sak 019/17 blir behandla i lukka møte heimla i helseføretakslova §26a (2) nr. 4.

Sak 018/17	Verksemdsrapport per februar 2017 (u. off. jf. Offentleglova §23.1)	Vedlagt
Sak 019/17	Prosjekt SAV Publikum (u. off. jf. Offentleglova §23.1)	Ettersendt

OPE DEL**Sak 012/17 Godkjenning av innkalling og dagsorden****Oppsummering**

Innkalling og dagsorden blei gått igjennom. Ragnhild Winum møter for Marit Jakobsen som har meldt forfall.

Vedtak (samrøystes)

Styret godkjente innkalling og dagsorden.
Sak til eventuelt: Status rekruttering

**Sak 013/17 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Sjukehusapoteka Vest HF
01.03.2016****Oppsummering**

Styret hadde ingen merknader til protokoll frå styremøte 01.03.2017.

Vedtak (samrøystes)

Styret godkjenner protokollen frå styremøte 01.03.2017.

Sak 014/17 Administrerande direktør si orientering**Oppsummering**

- 1. Rapportering tilsynssaker**
*Postalt tilsyn frå Arbeidstilsynet er lukka .
- 2. Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav**
*Ingen
- 3. Oversikt over aktuelle høyringar**
*notat vedlagt
- 4. Tilsynsmøte med SLV**
* Munnleg orientering om årleg tilsynsmøte med Statens Legemiddelverk
- 5. SAV Strategiprosess**
*munnleg orientering
- 6. Evaluering grossistavtale**
*munnleg orientering
- 7. Ny samarbeidsavtale sjukehusa**
*munnleg orientering
- 8. Status prosess langtidsbudsjett**
*munnleg orientering
- 9. Styresakar til oppfølging**
*notat ligg ved

Vedtak (samrøystes)

Styret tek orienteringa til vitande.

Sak 015/17 Årsmelding og årsrekneskap 2016**Oppsummering**

Saka omhandla framlegging av revisorgodkjend Årsmelding og Årsrekneskap for 2016. Årsrekneskapet for 2016 viser eit overskot på 16 931 442 kroner.

Vedtak (samrøystes)

Styret vedtek Årsmelding og Årsrekneskap med notar for Sjukehusapoteka Vest HF for 2016. Styret ber om at Årsmelding og Årsrekneskap vert lagt fram for føretaksmøte som føretaket sin Årsmelding og Årsrekneskap for 2016.

Sak 016/17 Høyringsuttale Helse 2035

Oppsummering

Sjukehusapotek Vest HF (SAV) er invitert av Helse Vest RHF til å kome med høyringsuttale til Helse 2035 innan 10 april i år. I saka ligg høyringsbrev, høyringsdokument, høyringsinstansar og forslag til høyringsuttale frå SAV vedlagt (vedlegg1-4). I utkast til høyrings svar gjev SAV uttrykk for at strategiplanen gjer godt greie for utfordringar, mål og tiltaksområder i helsetenesta. Ein peikar på at SAV kan være ein viktig bidragsytar til å realisere Helse 2035 strategien og å optimalisere pasientbehandlinga innan legemiddelområdet. I forslag til høyringsuttale legg ein vekt på at best mogeleg helseteneste krev god styring og samhandling mellom sjukehusapotek og sjukehusføretak, og ein føreslær at det vert utarbeidd ein fagplan som grunnlag for samhandling og satsingar på legemiddelområdet. Støtteselskapa til spesialisthelsetenesta er kort omtala og SAV føreslær i forslag til uttale at funksjonar som inngår i støtteselskapa vert tydeleggjort. SAV føreslær og at sjukehusapotek vert framstilt i dokumentet som ein del av spesialisthelsetenesta. I forslag til uttale viser ein til at SAV er i gang med eige strategiarbeid der Helse 2035 vert lagt til grunn og at ein ynskjer god dialog med Helse Vest RHF og sjukehusføretaka om denne.

Vedtak (samrøystes)

Styret stiller seg bak forslag til høyringsuttale og ber administrerande direktør oppdatere høyrings svaret i tråd med innspel som kom i møtet.

Sak 017/17 Eventuelt Skriv og meldingar

Ingen skriv og meldingar.

Eventuelt: Status rekruttering AD.

Styret ga sine innspel til kravspesifikasjon som styreleiar kommuniserer til Isco Group.

LUKKA DEL

Møte blei lukka etter Helseforetakslova §26a, 2.ledd nr 4.

Sak 018/17 Verksemdsrapport per februar 2017

Oppsummering

Rapporten vart gjennomgått.

Vedtak (samrøystes)

Styret tek rapportering frå verksemda per februar 2017 til etterretning. Styret ber om halvårleg rapportering på bruk av innleigde konsulentar fordelt på ulike grupper av innleige, løpande rapportering på utvikling i publikumsavdeling og eiga sak i styremøte juni om vurdering av regional løysing på sepsis tilsetjing.

Sak 019/17 Prosjekt SAV Publikum

Oppsummering

Prosjekt SAV publikum er eit av fleire tiltak for å betre resultatet i publikumsverksemda i samsvar med ESA-krava. Prosjektet set fokus på sal og marknadsarbeid (topplinje) og vart starta som del av arbeidet med ein marknadsplan hausten 2016. SAV har ikkje eigne ressursar til marknadsarbeid, men fagansvaret ligg til fagavdelinga og fagsjef publikum. Fagsjef publikum er og assisterande prosjektleiar i prosjektet. Prosjektet er gjennomført med ekstern prosjektleiar frå PwC. Prosjektdirektivet var vedlagt. I styremøtet vart prosjektet presentert av prosjektleiar. Fokus framover vert å sikre god implementering, kundetilbakemeldingar som ein del av verksemdsutviklinga og følge tett opp apotek som ligg etter med implementering og resultat.

Vedtak (samrøystes)

Styret tek rapporteringa til orientering.

Berit Berntsen
Referent
01.03.2016

Trude Marit Risnes	Styreleiar
--------------------	------------

Olav Godtfred Klausen	Nestleiar
-----------------------	-----------

Jon Bolstad	Medlem
-------------	--------

Anne Sissel Faugstad	Medlem
----------------------	--------

Inger Cathrine Bryne	Medlem
----------------------	--------

Per Karlsen	Medlem
-------------	--------

Marianne Saugestad	Medlem
--------------------	--------

Marit Jacobsen	Medlem (sett)
----------------	---------------

Gunvald Iversen	Medlem
-----------------	--------